


Bleieslutt i Langhaugane barnehage:



Bleieslutt må ta utgangspunkt i barnet sin alder og modning. Vidare bør ein vurdere årstid, det er klart lettast å vere nybegynnar med færrast mogeleg lag å ta av seg før ein kjem fram til toalettet. Så vår, sommar og hausthalvåret er best å starte med bleieslutt.

Barnet må vere tørt/klare å gå på do og både tisse og bæsje heime over ein periode før vi kan klare å følge opp i barnehagen. Dette slik at ungane får ei god oppleving og ei oppleving av meistring av den nye situasjonen. Det går fint å bruke bleie i barnehagen og gå utan når dei er heime og trenar bleieslutt.

Bleieslutt er ei viktig endring i kvardagen for eit barn, den viktigaste førebuinga til bleieslutt skjer heime. Det er viktig å drive med do/pottetrening heime i god tid før barnet møter i barnehagen utan bleie på. Vi følger opp når barnet har starta med do/pottetrening heime, eller syner interesse for å prøve seg på do.

Ta kontakt med barnehagen når de tenkjer å starte med do/pottetrening, og avtale med Pedagogiske leiarar etter kvart som prosessen går framover slik at vi følger opp treninga i barnehagen.

Første dag utan bleie i barnehagen er ofte ein stor og viktig dag for barna, men det er utfordrande for barna å hugse ny rutine og klare å følge opp den ekstra oppgåva i alt som skjer i barnehage. Barnehagen må difor legge ekstra til rette for barnet dei første dagane/vekene slik at vi kan følge best mulig opp. Difor er det viktig å avtale med pedagogisk leiar kva for dag/veke ein skal starte, det kan vere veker som ikkje er så lett å få til god bleieslutt i td. utveker og veker der fleire andre barn skal slutte.

Når er det vanleg å slutte med bleier? Kva seier forskning?

Det finst ikkje ein klar konklusjon frå forskning på kva som er den beste alderen å slutt med bleier. Det er like vanleg å slutte frå 2 til 4 år. Blærekontroll reknar ein at ein tidlegast har i 2 og eit halvt års alder.

Ein studie frå Pediatrics frå 2003 tyder på at dei som starta tidleg med do og pottetrening, i 2 til 3 års alder brukte mellom 10 og 14,5 mnd. på å bli bleiefri, og dei som starta seinare brukte 5 til 9,5 månadar på å slutte.

Når barnet er tørr i fleire timar i strekk og sjølv merkar at det må på do, der det antakeleg gammalt nok til slutte med bleie i barnehagen.

<https://forskning.no/2017/06/dette-sier-forskningen-om-bleieslutt>

<https://www.familieverden.no/helse/stell/pa-tide-a-kutte-ut-bleiene/>